

Registreringsnummer:

6375

Saksnummer:

201103007

NVE

nve@nve.no

Leikanger 02.10.2013

Høyringsfråsegn: Konesjonssøknad for Kjerringnes Kraft, Veitastrond i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 21.08.2013 og til søknadsdokumenta som vi har lasta ned via internett. Høyringsfråsegna er basert på søknaden, informasjon frå lokalkjende og frå internett, og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.797. Ugulsvik kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/luster/>.

Kort om friluftsliv i det aktuelle området:

Det er ikkje organisert friluftsliv knytt til den aktuelle vasstrengen og området langs denne. Området har kanskje sporadisk turgåing, børsank, jakt og elles ilandstigning frå padlere og småbåtferdsel på Veitastrondsvatnet. Veitastrondsvegen er relativt lite trafikkert av biler og vert nytta som sykkelturnveg. Når det vert rydda opp etter gamle ras utanom tunnelane og gamlevegen kan syklast om sommaren, er dette ein spektakulær og flott sykkelveg med lite stigning og svært store opplevingskvalitetar. Potensialet for både sykkelturnar og padling vil kunne utnyttast langt betre med enkel satsing på infrastruktur og overnatting. Kjerringdalen vil neppe verte eit mykje brukt turmål i seg sjølv, men naturen her er ein del av eit større landskap. Dette framstår i det vesentlege urøyrd som eit umåteleg vakkert og dramatisk bre- og fjellandskap med bratte daler, hengedaler og elver.

Sogndal Turlag arrangerar padleturar på Veitastrondsvatnet. Elveosane gjev også stor glede og aukar kvaliteten på opplevingane langs vatnet. Slik sett vil sumverknadane også påverke negativt på friluftslivet når fri natur berre unntaksvis kan opplevast. Her frå elveosen der Holen Kraftverk no er planlagt. Foto: Elisabeth Dahle



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: sogturla@online.no

Heimeside:

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455



I sjølve tiltaksområde opp langs elva er friluftslivet svært avgrensa til lokale brukarar.

DNT, SFT og Luster Turlag er no i ein tidleg startfase for å bygge opp att Tungestølen Turisthytte som DNT-hytte på Veitastrond. Med denne i drift kan ein vente ein auke i trafikk og generelt friluftsliv i området. Sykkelturer langs vatnet på fylkesveg 337 og padling kan venteleg auke med ny hytte i drift på Veitastrond.

Punkt 1.2 Begrunnelse for tiltaket:

Bygginga vil gje private inntekstfordeler, mindre inntekter for kommune og fylkeskommune. Den lokale og regionale kraftoppdekkinga er elles svært god! Luster kommune og Sogn og Fjordane fylke eksporterer større mengder kraft ut av fylket enn til eige forbruk, til tross for fleire store energikrevjande industrisamfunn.

Om grunneigarar og fallrettshavar er busette i lokalsamfunnet, dvs på Veitastrond og investerar inntektane i tiltak her, kan tiltaket gje nokre samfunnsnyttige fordeler, om ikkje kan vi ikkje sjå at grunningane for tiltaket vert oppfølgde.

Punkt 1.5 Eksisterende inngrep:

Her er vi helt samde: Nedbørfeltet til Kjerringneselva er i all hovudsak urøyrd.



Punkt 1.6 Utbygde kraftverk i nærområdet til Kjerringneselva:

Ingen av nemnte kraftverk eller infrastruktur knytt til dei i tabell 1.1 kan fornemmast eller anast i nærområdet til Kjerringneset. Dette avdi området ligg i eit skarpt avgrensa landskapsrom. Dette landskapsrommet ber i dag preg av natur med få inngrep. Dei konsesjonsgjevne småkraftverka vil endre mykje på dette preget. Spørsmålet vert etterkvart kor mykje desse vil dominere og kor store dei samla verknadane vert i høve tolegrensa for samla belastning området har.

Punkt 2.5.3 Offentlege planar og nasjonale føringar:

I Luster kommune sin kommunedelplan er området definert til å ligge i gul konfliktsone dvs med middels konflikt. Vi presiserer her «Desse områda har typisk nokre sterke interesser som det må takast omsyn til. Utbygging av kraftverk i desse delområda må ta omsyn til dei allmenne interessene og planleggast med avbøtande tiltak». Dette er vi heilt einige i! Det vil vere avgjerande viktig med god restvassføring og god restaurering og naturleg revegetering av kraftgaten.

Forutan Fv.337 til Veitastrand er områda langsmed vatnet lite prega av inngrep og framstår idag relativt urørt. Større markerte sår i dette landskapet vil såleis skille seg ut.

INON: Sidan midten på 1990-talet har det vore nasjonal arealpolitikk å planlegge på ein måte som i størst mogleg grad ivaretek inngrepsfrie naturområde. Det er klart ein stor utfordring å etterleve slike ambisiøse mål, men for verdifulle område som i randsonene rundt nasjonalparkar o.l. bør ein i mykje sterkare grad kunne følgje opp nasjonale mål:

Målet om å ta vare på det som er att av inngrepsfri natur er uttrykt i fleire stortingsmeldingar dei seinare åra. Mellom anna i St.meld. nr. 17 (1998-99) "Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren", nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv", nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold", nr. 21 (2004-2005) og nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand".

I Stortingsproposisjon 1 S (2009-2010) frå Miljøverndepartementet (Statsbudsjettet), er INON eit eige arbeidsmål som går ut på å "sikre at attværande naturområde med urørt preg blir tekne vare på".

Punkt 3.7 Landskap:

Landskapsvurderingane sett til klasse A2 med høg inntrykksstyrke og variasjon i eit landskap med kvalitetar og komponentar som gjer landskapet einståande med eit stort opplevingspotensial. Kjerringneselva har svært stor verdi og konfliktptensialet i høve landskap, natur- og kulturmiljø er stort. Grunngevinga for dette er er stor grad av urøyrd natur, og at elva vurderast å ha reitvt stor inntrykksstyrke med stor eksponering (Aurland Naturverkstad) Dette vert lagt mindre vekt på i søknaden slik vi les denne. I hovudområdet Veitastrand reknast Kjerringneselva til å vera ein av sju elvar som har størst visuell og opplevingsmessig sumvrknad. Rapporten til Aurland Naturverkstad konkluderar med at det samla konfliktptensialet basert på landskap, naturmiljø og kulturmiljø er stort. (Clemetsen M.& Skjerdal I.B. 2006 A).

Punkt 3.10 INON Ingrepsfrie naturområder:

Tiltaket ligg inne i eit større samanhengande villmarksprega område og vil redusere dette med heile 18,2 %. Det meiner vi er ein vel stor reduksjon i høve andre alternativ blant dei alternativa i området som er omsøkte no.

Punkt 4.0 Avbøtande tiltak:



Hovudmålet må vere å sikre det urørte preget i eit særigeit landskapsområde på ein best mogleg måte, med minst mogleg synlege inngrep god støydemping i eit område der lyd lett vert leda over lange avstandar.

Sumverknader:

Elvane tek med seg viktig næringsstoff til Veitastrondsvatnet og fisken som lever her. I tillegg vert det lommer av varmare ferskvatn som ikkje er brepåvirka ved elveosene. Desse er viktige oppvekstområde for yngel og småfisk. Vatnet er sterkt prega av mykje kaldt brevatn med jamnt over svært låge temperaturar og fisken her har allereie låg tilvekst pr år. Fleire utbyggingar av elvane som drenerer til vatnet, der det meste av vatnet går i røyr vil redusere viktig tilsig av både næringsstoff og varmare elvevatn som ikkje er brepåvirka. Vi har ikkje nok kunnskap til å vurdere omfanget av dette og overlet til NVE å vurdere sumverknadane av både dei gitte konsesjonane og dei nyare omsøkte spesielt for tema fisk. Sumverknadane for landskap er også urovekkande. Vi meiner det bør ha stor verdi å bevare nokon upaerka elvestranger att langs Veitastrondsvatnet. Naturtypen fosse-enger/fossesprøytoner er underrepresentert i dei verne vassdraga og får eit ekstra stort press. Det same gjeld og habitat og leveområde for fossefall.

Sogn og Fjordane turlaget sitt syn på konsesjonsøknaden:

Sjølve tiltaksområdet er ikkje av vesentleg verdi for friluftssinteresser, men tiltaket vil influere på svært viktige landskapsverdier som også er vesentlege for friluftslivet i turlaget sine framtidige virkeområder. Området ligg i randsona til Jostedalen nasjonalpark og vert godt synleg i ein av innfallsportane til denne. Med ein nyoppsett DNT-hytte som no er under planlegging på Tungestølen, vil tiltaket i sterkare grad kunne påvirke generelt friluftsliv i området t.d padling på Veitastrondsvatnet og sykling langs riksvegen. Kajakkpadling er satsingsområde både i Luster og Sogndal sine turlag. Bevaring av INON-område er ei politisk målsetting. INON-tap grunna kraftutbygging vert samla sett stort i området grunna mange småkraftutbyggingar. Vi meiner det er meir rettvis å satsa på dei lokale utbyggingane som alt har fått konsesjon, dei som krev lite tap av inngrepsfri natur og dei som meir direkte kan vere samfunnsnyttige for lokalsamfunnet Veitastrond. Av desse grunnane, og sumverknadane, er vi svært kritiske til denne utbygginga.

«Urøyr natur vert ikkje laga lenger» sitat Fridtjof Urdal, kulturformidler og ordkunstnar.

Sakshandsamar hos oss er Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, elisabeth@fnf-nett.no, mob. 480 20 532

Med helsing

SOGN OG FJORDANE TURLAG



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

E-post: sogturla@online.no

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Heimeside:

Tlf. 57 72 06 14

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag
Flora Turlag Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag
Vik Turlag Årdal Turlag Balestrand og Høyanger Turlag Ytre Sogn Turlag
Barnas Turlag Hyllestad Barnas Turlag Leikanger

Sogn og Fjordane Turlag



Sogn og Fjordane Turlag



v/ Ron Overdevest
[leiar Naturvernutvalet](#)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: sogturla@online.no

Heimeside:

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455